

Leige av båt i prosjektet Vestlandet sitt flytande litteraturhus, 2021

KRAVSPESIFIKASJON

1. OMFANG

LEVERANDØREN skal utføre drift av båt i perioden 27. september – 25. november som skal fungere som rom for arrangement, aktivitetar og bibliotek. Drifta omfattar pausar, transport mellom stoppestader og tilhøyrande tenester lista i denne kravspesifikasjonen. Det flytande litteraturhuset skal yte tenester i grisgrendte strok i Rogaland og i Vestland.

LEVERANDØREN skal utføre transporten i høve til prosjektet sin ruteplan. Det kan bli fleire stopp i kvar kommune.

Litteraturhuset skal ha mellom 1-4 framsyningar kvar dag og fungerer som ein kulturbåt i tidsrommet mellom kl.11.00 og 21.00. I tillegg til ein eller fleire formidlarar av levande kultur, til dømes forfattarar, musikarar, klovnar, dokketeater e.l., skal det og vere bokhyller med plass til bøker.

LEVERANDØREN skal ha plass til inntil 4 personar for overnatting i samband med turnéverksemd, og inntil 5 personar for forpleining.

KOSTNAD: KUNDEN betalar kr. 500.000 + mva som skal dekkje alle utgifter i samband med turen. Uventa utgifter som måtte kome til i samband med drift av båten skal dekkjast av LEVERANDØREN.

2. DRIFTSPERIODE OG STOPPESTADER

Driftsperioden vert frå 27. september til 25. november, medrekna pausar.

Rute: Kvar kommune kan ha fleire stopp.

Dato	Ukedag	Kommune	Kommentar
27.sep	Måndag	LASTING 10 -14	
		Kveldsstopp Askøy	Båt til Askøy kl. 16,
28.sep	Tysdag	Askøy	
29.sep	Onsdag	Askøy	Reiser frå Askøy kl. 14.30. Køyretid: 1 til 2 timer
30.sep	Torsdag	Fedje	Reiser frå Fedje kl. 13.30. Reisetid ca 7 timer
01.okt	Fredag	Sunnfjord	Reiser frå Sunnfjord laurdag kl.9.00 Køyretid: 5 timer
02.okt	Laurdag	Stadt	
04.okt	Måndag	Stryn	reisetid 1,5 t
05.okt	Tysdag	Gloppen	
06.okt	Onsdag	Gloppen	Reiser frå Gloppen kl.13. Reisetid 7,5 time
07.okt	Torsdag	Fjaler	Reiser frå Fjaler kl. 15.30. Reisetid 4 timer
08.okt	Fredag	Gulen	Reiser frå Gulen kl. 15.30
18.okt	Måndag	Kjøredag	
19.okt	Tysdag	Sogndal	Reiser frå Sogndal kl 16 tysdag

20.okt	Onsdag	Sogndal	
21.okt	Torsdag	Årdal	
22.okt	Fredag	Årdal	Reiser frå Årdal kl. 14
23.okt	Laurdag	Flåm	
24-okt	Søndag	Vik	
31.okt	Søndag	Tysvær	bLEST - Tysvær litteraturfestival
01.nov	Måndag	Tysvær	bLEST - Tysvær litteraturfestival
02.nov	Tysdag	Haugesund	
03.nov	Onsdag	Haugesund	
04.nov	Torsdag	Karmøy	SILK - Litteraturfestival - Karmøy
05.nov	Fredag	Karmøy	SILK - Litteraturfestival - Karmøy
06.nov	Laurdag	Bømlo	Falturiltu - barnelitteraturfestival Stord
07.nov	Søndag	Stord	Falturiltu - barnelitteraturfestival Stord
08.nov	Måndag	Stord	Falturiltu - barnelitteraturfestival Stord
09.nov	Tysdag	Kjøredag	
10.nov	Onsdag	Ullensvang	
11.nov	Torsdag	Kvam	
12.nov	Fredag	Tysnes	
13.nov	Laurdag		
14.nov	Søndag		
15.nov	Mandag	Fitjar	Opphald ved kai: 9.30-15.00
16-nov	Tysdag	Austevoll	
17-nov	Onsdag	Bergen	
18-nov	Torsdag	Osterøy	
19-nov	Fredag	Osterøy	
20-nov	Laurdag	Kjøredag	
21-nov	Søndag	Alver	
22.nov	Mandag	Alver	Dalsfjord og andre stopp innafor Mongstad
23.nov	Tysdag	Masfjorden	Masfjordnes 9, Matre 12, Andvik 17.30
24.nov	Onsdag	Vaksdal	
25.nov	Torsdag	Modalen Austrheim	
26.nov	Fredag		

Liggetid

Liggetid for kvar stoppestad varierer frå 1 time til ein dag avhengig av:

- storleiken på stoppestaden
- tidspunktet for besøket
- talet på kulturprogram

LEVERANDØREN sitt ansvar

- setje landgangen på plass og sikre at publikum kjem trygt om bord og i land
- sikre bøkene ved uroleg sjø
- foreta dagleg reinhald i alle fellesareal

- montering og demontering av bibliotekinventar

3. KVALITET

Drifta skal vere i samsvar med Sjøfartsdirektoratet sine tryggleiksforskrifter og norske styresmakter sine krav til kvalitet, miljø og tryggleik.

Spesielle krav til litteraturhusdrift er lista i pkt. 6.

4. TRYGGLEIK - OPPLÆRING

På kvar tur skal eventuelle underhaldarar som følgjer båten ha opplæring og øving i tryggleiksrutinar.

Tryggleiksinstruks skal vere oppslått på sentrale stader og i lugarar om bord i båten.

5. FORSIKRINGAR

LEVERANDØR er ansvarlig for forsikring av båt, mannskap og besøkande til litteraturhuset, inkludert eventuelle underhaldarar.

6. SPESIELLE KRAV.

6.1 Båtens storleik og fart

Båten må kunne leggje til kai ved mindre hamnar, og kunne romme den innreiinga som vert kravd for å utføre tenesta som er lista nedanfor.

Dagens ruteplan er laga for ei fart på 10 knop. Ein ser på dette som eit minimum. Det er eit ønske om at båten kan gå med høgare fart.

6.2 Båtens innreiing

6.2.1 Generelt

- Båten bør vere utstyrt slik at brukarar med rørslehemmingar kan bruke tilboda om bord.
- Areal utanfor biblioteket bør ha garderobe slik at publikum kan henge av seg ytterklede.
- Skottet i biblioteket skal vere utstyrt på ein slik måte at hyller på rimeleg kort tid kan festast på ein sikker og forsvarleg måte.
- Det skal vere tilgang til dusj og personaltoalett i tillegg til publikumstoalett.

Båten må ha kapasitet til følgjande rom:

6.2.2 Litteraturhusrom med plass til arrangement og bibliotek

- Arealet skal vere minimum 50 m². Av desse må min. 40m² vere fri golv plass til kulturaktivitetar som teater og liknande.
- Arealet skal ha ei utforming som gjev plass til følgjande innreiing:
 - Bokhyller med mogelegheit for sikring av bøker ved uroleg sjø.
 - Minimum. ca. 110 meter med hyller med plass til bøker med høgde opp til 27 cm.
 - Minimum ca. 5 meter med hyller med plass til større bøker

- Utlånsskranke/skrivebord
- Arbeidsbord
- Stolar/krakkar til publikum
- Vindauge skal vere utstyrt med lystette gardiner for å skjerme for dagslys under teaterframsyningane
- Lokalet skal ha tilstrekkeleg allmennbelysning i tillegg til særskilt opplysning av hyller.
- Lokalet må ha kontaktar for nett-tilkopling
- Lokalet skal ha ekstra straumuttak til bruk for m.a. scenebelysning og IT-utstyr.
- Lokalet skal ha teppe på golv for å dempe lyd. Under framsyningane sit barna ofte på golvet.

LEVERANDØR er ansvarleg for all belysning i lokalet.

6.2.3 Oppholdsrom/spiserom

skal ha

- spiseplass for min. fire personar i tillegg til mannskap
- min. 2 kvilestolar med godt leselys
- radio, tv, video- ev. dvd-spelar

6.2.4 Lugarar

- minimum 4 lugarar til underhaldarar i tillegg til mannskapslugarar
- lugarane skal vere utstyrt med servant med varmt og kaldt vatn, leselys over køy og tilstrekkeleg skap til oppbevaring av klede og anna personleg utstyr

6.2.5 Lager

Det bør vere to mindre areal

- eit som er skjerma for innsyn, til mellombels plassering av søppelsekker o.l.
- eit i tilknytning til biblioteket for bortsetting av puter og krakkar som publikum nyttar under framsyningane.

7. MILJØ

LEVERANDØREN skal leggje vinn på at det til ein kvar tid vert brukt miljøvennlege produkt i størst mogleg grad og minimalisere avfallsmengda.